

Asplan Viak har no gjeve kommunen råd om utbyggjinga av avløpsanlegg i Uskedalen, som skal starta om kort tid. Firmaet tilrår å byggja slamavskiljarar for to tømningar i året og at slamavskiljarane blir prosjektert i betong.

Men ein bør også få alternativ pris på ei løysing i glassfiberarmert polyester. Kommunen må ta stilling til kvar slamavskiljarane skal liggja, skriv Asplan Viak.

Kvinnherad kommune har dårlege erfaringar med drift av silanlegg, som har store driftskostnader. Vedlikehald, alarmutrykking og ikkje minst levering og mellomlagring av slammet er ressurskrevjande. Erfaringane og i tillegg at det krevst pumping av avløpet, tilseier at det bør brukast slamavskiljar. Ulempa med ein slik er at ein lagar eit dyrt anlegg, som ikkje med enkle grep kan oppjusterast til å møte eventuelle krav om primærreinsing, held Asplan Viak fram.

Om plasseringa, som har vore eit diskusjonstema, skriv Asplan Viak at Korsneset har eksisterande rørleidning til sjø og at det vil vere lite tenleg å leggja nye rør inn mot sentrum. Børneset ligg utanfor bustadområde og offentlege område. Dette gjer at tidvise luktutslepp til dømes ved service, tøming og spyling, vil kunne skje utan ulemper for naboar.

Planen som byggjer på eit anlegg på Børneset og eit på Korsneset går ut på samling og delvis pumping av 865 personekvivalentar (PE) til Børneset og 400 til Korsneset. Om både Børneset og Korsneset skriv Asplan Viak at det er god tilgong til grunn medan det sentralt i Uskedalen er usikkert om det er mogeleg å skaffa grunn.

Men det er mogeleg å leggja eit anlegg sentralt i Uskedalen, meiner Asplan Viak. Hovudgrunnen til eventuelt å samle avløpa der må vere at det er mindre vatn som skal frå "utkantane" mot "sentrum" enn omvendt. Grøftekostnadane vert om lag det same, men ein sparar endel på å leggja ei sjøleidning frå skuleområdet og ut til landtaket ved verftet.

Kostnaden med å leggja sjøleidning for 400 PE frå Korsneset til Beinavikjo utgjer om lag 300.000 kroner. Då fell alternativet med å reinse 1.265 PE i Uskedalen vekk, men det kan framleis vera interessant med eit silanlegg eller ein slamavskiljar dimensjonert for 865 PE plassert sentralt i Uskedalen, skriv Asplan Viak.

Av Ola Matti Mathisen